

Reguleringsføresegner

E16 og Vossebanen, Arna - Stanghelle



- Akseptert
 Akseptert m/kommentarer
 Ikke akseptert / kommentert
Revider og send inn på nytt
 Kun for informasjon

Sign:

Idar Reistad, 22.03.2022
08:23:20

10B	Revisjon etter høyring	16.03.2022	nodran	noolol noarnd nosorb	nojaov
Revisjon:	Revisjonen gjelder:	Dato:	Utarb. av:	Kontr. Av:	Godkj. av
Tittel: E16 og Vossebanen, Arna - Stanghelle		Sider:			
Reguleringsføresegner		Produsert av:			
		Prod. Dok. Nr.:			
		Erstatter:			
		Erstattet av:			
Prosjekt:	B10462/77003301	Dokumentnr:	UAS-01-A-00010	Revisjon:	10B
Parsell:	01	Drift dokumentnr:		Drift rev.	

1 Siktemålet med planen

Siktemålet med planen er å regulere fellesprosjektet E16 og Vossebanen for strekninga Arna – Stanghelle/Helle for E16 og Vossebanen. Planen vil redusere ulykkesfrekvens for E16, og redusere skredfaren for både veg og jernbane.

For Vossebanen har det vore spesielt viktig med reisetidsforbetringar for persontransport og kapasitetsauke samt overføring av godstransport frå veg til jernbane. Ny Vossebane er med å gjere togreise til eit reelt alternativ til flyreise mellom Bergen og Oslo.

Reguleringsplanen skal sikre nødvendig areal til gjennomføring av utbygginga. Det inneber at det også blir regulert sideareal for anleggsgjennomføring og område for handtering av overskotsmassar frå anlegget.

Utfyllande opplysningar går fram av planomtalen datert 24.11.2021.

2 Fellesføresegner til heile planområdet

2.1 Funksjons- og kvalitetskrav

2.1.1 Byggegrense mot veg og jernbane

- 1) Byggegrense langs veg følger av plankartet. Der anna ikkje er vist i plankartet eller omtalt i føresegnene følger byggegrenser langs veg av veglova § 29 andre ledd. For o_BE, o_SVT1 og o_SR er byggegrensa lik formålsgrensen.
- 2) Byggegrense langs jernbanen er 30 m frå næraste spormidtt i samsvar med jernbaneloven § 10. For o_BE, o_SVT1 og o_SR er byggegrense lik formålsgrense.

2.1.2 Estetikk og landskapsforming

- 1) Formingsretteleiar (dok.nr. UAS-01-A-00030) skal vere rettleiande for utforminga av veg- og jernbaneanlegga og deponiområda.
- 2) Utforming av stasjonane skal følge Bane NOR si Handbok for stasjonar.

2.2 Ytre miljø

2.2.1 Plan for Ytre miljø

Plan for ytre miljø (YM-plan) skal oppdaterast før utbygging.

2.2.2 Anadrom fisk

Plan for ivaretaking av anadrom fisk i anleggsperioden skal utarbeidast og godkjennast av rette mynde. Dette gjeld Dalevågen, Taugåni på Helle og Storelva med sidevassdrag i Arna.

2.2.3 Vern mot forureining

For alle deponi og riggområder skal det utarbeidast overvåkingsprogram. Programmet skal mellom anna innehalde moglege før- og etterundersøkingar for råka vassførekomst. Nødvendige undersøkingar og overvaking i anleggsfasen skal også vere ein del av dette programmet.

2.2.4 Jordbruk

- 1) All matjord som blir råka skal takast vare på, deponerast/køyrast ut direkte, og bli ført attende til areal som skal nyttast til jordbruksproduksjon. Mindre mengder matjord kan bli disponert i samband med veg- og jernbaneanlegget dersom det er overskot av matjord som ikkje kan nyttast lokalt.
- 2) Det skal utarbeidast ei jordbruksfagleg utgreiing som grunnlag for endeleg prosjektering av anleggstiltak som påverkar jordbruksareal. Tilstandsregistrering av jordbruksareal skal gjennomførast før anleggsstart.

2.2.5 Støy

- 1) Retningslinje for støy
Grenseverdiene i Retningslinjene for handsaming av støy i arealplanlegginga T-1442:2016 tabell 3 skal leggest til grunn for omfanget av tiltak mot luftoverført støy frå ny veg og jernbane. Det same gjeld dersom støynivået ved bygningar med støyfølsamt bruksformål er over grenseverdi, og støynivået aukar med 3 dB eller meir der utbygginga endrar eksisterande veg eller jernbane.
Når det skal gjennomførast oppdaterte støyberegningar i prosjekteringsfasen, skal ny støyretningslinje T/1442:2021 leggest til grunn.
- 2) Støyskjerming langs veg og jernbane
Rettleiande høgder for støyskjermene markert i plankartet er gjeve i Fagrapport støy (dok.nr UAS-01-A-00009).
Dei nødvendige støyskjermene kan førast opp i ei maks høgde av 3 meter over gjennomsnittleg bakkenivå eller konstruksjon.
- 3) Fasadetiltak og lokale skjermar
Bygningar med støyfølsamt bruksformål, som etter avbøtande tiltak mot støy langs ny veg og jernbane får eit støynivå som skir over grenseverdiar i T-1442:2016 tabell 3, skal greiast ut for lokale avbøtande tiltak for å sikre tilfredsstillande støynivå på uteareal og innandørs. Dette gjeld også dersom bygningar med støyfølsamt bruksformål har støynivå over grenseverdi og får ei auke på 3 dB eller meir i støynivå ved endring av eksisterande veg og jernbane, jf. 1).

Bygningar som skal vurderast for lokale avbøtande tiltak skal sikrast minst eitt uteopphaldsareal med støynivå lik eller under grenseverdi i T-1442:2016 tabell 3. Innglassing, utestove eller liknande kan nyttast der dette er nødvendig for å få tilfredsstillande støynivå. Målsettinga for tiltak på uteopphaldsareal er å oppnå 10-15 m² uteareal med tilfredsstillande støynivå

Der støy frå bane på natt dominerer $L_{den} (L_{natt} > L_{dag})$ kan tiltak på uteopphaldsareal dimensjonierast etter $L_{dag-kveld}$ med same grenseverdi som $L_{den} (L_{dag-kveld})$ skal bereknast med 5 dB tillegg på kveld).

Bustadar, helseinstitusjonar og barnehagar skal sikrast innandørs støynivå i opphalds- og soverom lik eller under grenseverdi gitt i NS8175:2012 lydklasse C, eventuelt klasse D der kost-nytte-forhold gjer det urimeleg å oppfylle klasse C.

Der maksimalt lydtrykknivå ved fasade overskrider grenseverdi i T-1442:2016 tabell 3 med 10 dB eller meir skal krav til maksimalt lydtrykknivå i soverom, gjeve i NS8175:2012 lydklasse C, tilfredsstillast sjølv om tal hendingar er under 10 stk. per natt. Lydklasse D kan vurderast der kost-nytte-forhold gjer det urimeleg å oppfylle klasse C.

4) Sumstøy

For bygningar med støyfølsamt bruksformål som er utsett for støy frå både ny veg og ny jernbane, gjeld støykravet i 1) for harmonert sumstøy for veg og jernbane. Støynivåa skal harmonerast etter ISO1996-1:2016 eller tilsvarande før dei blir summert.

For bygningar med støyfølsamt bruksformål som er utsett for støy frå både ny veg og ny jernbane gjeld innandørs støykrav i 3) for innandørs sumstøynivå.

Maksimalnivå frå veg og jernbane skal ikkje summerast.

5) Strukturlyd

Grenseverdien $L_{p,AF,max} = 32$ dB, skal leggest til grunn for omfanget av tiltak mot strukturoverført lyd frå jernbane i tunnelar og kulvertar.

6) Vibrasjonar

Grenseverdi $v_{w,95}$ 0,3-0,6 mm/s blir lagt til grunn for omfanget av tiltak mot vibrasjonar frå jernbane i bustader. Den lågaste verdien er målsettinga for omfanget av tiltak. Den høgaste verdien skal tilfredsstillast dersom kost-nytte-forhold gjer det urimeleg å oppnå den lågaste verdien.

For Stanghelle barnehage er tilsvarande grenseverdiintervall 0,4-0,5 mm/s.

7) Støy i anleggsperioden

For støyreduserande tiltak i anleggsperioden skal T-1442:2021, kapittel 6 Retningslinjer for avgrensing av støy frå bygge- og anleggsverksemd leggest til grunn. Det skal utarbeidast støyprognosar inkludert forslag til avbøtande tiltak, og støyreduserande tiltak skal gjennomførast før anleggsstart.

8) Vibrasjonar i anleggsperioden

For vibrasjonar frå sprenging og lufttrykkstøyt i byggverk skal NS 8141 leggest til grunn for fastsetting og berekning av grenseverdiar.

2.2.6 Luft

For tiltak innanfor planområdet skal tilrådde retningslinjer og grenser i kapittel 2, 4, 5 og 6 i Miljøverndepartementet sin rettleiar for handsaming av luftkvalitet i arealplanlegging, T-1520/2012, leggest til grunn for anleggs- og driftsfase.

2.2.7 Rigg- og marksikringsplan

Det skal utarbeidast ein rigg- og marksikringsplan som gir føringar for gjennomføring av anleggsarbeidet. Rigg- og marksikringsplan skal godkjennast av Statens vegvesen og Bane NOR før anleggsstart. Rigg- og marksikringsplanen skal mellom anna gi føringar for følgande forhold:

- Inngrepsgrenser rundt kulturminne, område og ferdselsårer for friluftsliv, mot Daleelva-vassdraget og Storelva-vassdraget og andre sårbare område.
- Massehandtering av alle fraksjonar reine og forureina massar, inkludert handtering og lagring av jordmassar som skal nyttast til å føre attende vegetasjonen i anlegget.
- Tiltak for å minimere risiko for spreiding av framande artar.
- Tiltak for raudlisteartar.
- Inngrepsgrensa for anleggsarbeidet skal fastsettast i rigg- og marksikringsplanen og merkast fysisk med gjerde i anleggsfasen.

2.3 Automatisk freda kulturminne

Dersom det blir oppdaga funn, gjenstandar eller konstruksjonar i samband med gravearbeid, skal arbeidet stansast omgåande og kulturstyresmaktene underrettast jf. lov om kulturminner § 8, 2. ledd.

2.4 Landskapsplan

For alle dagsoner til veg- og jernbaneanlegg skal det utarbeidast landskapsplanar i form av O-teikningar.

For alle massedeponi på land og kaiområde i tilknytning til tverrslag og sjødeponi skal det utarbeidast eigne landskapsplanar. Desse skal skildre kva for massar som blir tillate deponert for kvart deponi og vise framtidig terreng etter avslutta deponidrift. I desse planane skal reinseløysning og tilkomst for vedlikehald vere illustrert.

Landskapsplanen skal bestå av O-teikningar i samsvar med Statens vegvesen si Handbok R700. Formingsrettleiar skal vere rettleiande for utforminga. I tillegg skal landskapsplanen skildre:

- Kva for massar som er tillate deponert for kvart deponi.
- Utforming av endeleg terrengutforming av alle deponi på land.
- Utforming av endeleg terrengutforming av alle midlertidige kaianlegg og tverrslag.

2.5 VA-anlegg

- 1) Ved omlegging av eksisterande røyrgate på Vaksdal skal den etablerast i kulvert der den blir lagt under terreng.
- 2) Eksisterande vassforsyningsanlegg, avløpsanlegg, energibrønner og landbruksdrenering som kan bli råka av tiltaket skal kartleggast før anleggsstart. Anlegg som må erstattast, skal vere etablert før gamle blir fjerna. Eksisterande vassforsyningsanlegg skal vere sikra i anleggsfasen.

2.6 Dimensjonering av anlegg for flaum og overvatn

Ved dimensjonering av anlegg for flaum og overvatn skal 200-årsflaum + 40% klimapåslag + 20% sikkerhetsfaktor, vere dimensjonerande for alle veg- og jernbanetiltak.

For dimensjonering av massedeponi skal berre 200-årsflaum + 40% klimapåslag nyttast.

2.7 Vertikalnivå

I denne reguleringsplanen blir vertikalnivå 1-4 nytta. For alle arealformål blir suffiks etter feltnamn bestående av tal nytta for å skilje mellom dei ulike vertikalnivåa, unntatt vertikalnivå 2. For å skilje ulike nivå innanfor eit vertikalnivå, blir ein kombinasjon av tal og bokstav nytta, kor «a» representerer det øvste nivået.

Følgande skrivemåte nyttast for arealformåla:

Vertikalnivå	Suffiks vertikalnivå	Suffiks vertikalnivå med ulike nivå
Vertikalnivå 1 – under bakken	SKV_1	SKV_1a, SKV_1b
Vertikalnivå 2 – på bakken	SKV	
Vertikalnivå 3 – i bru	SKV_3	
Vertikalnivå 4 – på sjøbotn	SKV_4	

3 Krav om detaljregulering (pbl § 12-7 nr. 11)

3.1 Espeland nord - Næringsbygninger BN og kombinertområde for bygninger og anlegg BKB

- 1) I områda BN og BKB Espeland nord kan tiltak som nemnt i pbl. § 20-1 bokstav a, d, i, j, l samt m, ikkje finne stad før det ligg føre detaljreguleringsplan, med mindre tiltaket inngår i gjennomføringa av denne reguleringsplanen.

Det kan heller ikkje gjennomførast vesentleg terrenginngrep etter pbl § 20-1, bokstav k utan detaljreguleringsplan med unntak av inngrep som kjem fram av denne planen sitt punkt 4.1.7.

4 Føresegner til arealformål

4.1 Bygninger og anlegg (§ 12-5 nr. 1)

4.1.1 Bygninger og anlegg, BA

- 1) I område regulert til BA skal eldre plan gjelde framfor denne planen (NO201703) frå eitt år etter at veg- og jernbaneanlegget er opna for ordinær drift. Areala er tatt med fordi dei er nødvendige for bruk til midlertidig anlegg- og riggområde, jf. 6.3.
- 2) Liste over planar Vaksdal kommune:

PlanID	Plannamn
2004002	Helletunnelen – Dalevågtunnelen
1985003	Stanghelle aust
2010005	Stanghelle barnehage
1988003	F01 og B11 Stanghelle Aust
1985003	Stanghelle aust
2005001	Stanghelle aust
1977001	Stanghelle vest og del av aust. Del av eldre plan som framleis gjeld.
1988002	B16 Stanghelle Aust
1982005	Stanghelle vest. Felt B2
1994001	Vaksdalsgarden
1982001	Vaksdal del aust
1988001	Jamnegarden
1992003	Brualeitet
2009002	Ny barnehage på Tveitane

- 3) Liste over planar Bergen kommune:

PlanID	Plannamn
62630000	Arna. Gnr. 287 og 301, Arna stasjon, kryssingsspor
8130000	Arna. Del av gnr. 89, 98 og 99, Arnadalen, godsterminal
6430000	Arna. Gnr. 298 bnr. 65 og 66, tangeland, innføringstasjoner BKK i Arna
19440000	Arna. Gnr. 298 del av bnr. 1, mfl., tangeland, Arnatippen
17290003	Arna. Gnr. 298 bnr. 74, 80, Arnadalen terminalområde
17290000	Arna. Gnr. 298 og 299, Arnadalen, endring av plangrunnlag r.813 for del av terminalområde i vest
17290004	Arna. Gnr. 299 bnr. 25, Arnadalen terminalområde
9720000	Arna. Del av gnr. 271 og del av gnr. 280, ny jernbanetrase Trengereid - Tunestveit

4.1.2 Bustad, B1 – B4

- 1) For området B1 gjeld reguleringsplan for Helletunnelen – Dalevågtunnelen (nasj.planID 4628_2004002).
- 2) For området B2 gjeld reguleringsplan for Vaksdal del vest (nasj.planID 4628_1982002).
- 3) For området B3 gjeld reguleringsplan for Vaksdalsgarden (nasj.planID 4628_1994001).
- 4) For området B4 gjeld reguleringsplan for Vaksdal del aust (nasj.planID 4628_1982001).

4.1.3 Barnehage, o_BBH

- 1) Terrenget kan hevast til inntil kote +13.
- 2) For tiltak utover 1) gjeld reguleringsplan for Stanghelle barnehage (nasj.planID 4628_2010005).

4.1.4 Næringsbygningar, BN

Det er krav om detaljreguleringsplan for BN, jf. punkt 3.

4.1.5 Energianlegg, o_BE

- 1) Innanfor områda o_BE kan det førast opp energianlegg/tekniske bygg knytt til drifta av E16 og Vossabanen. Maks utnyttingsgrad er %BYA = 100%.
Formingsrettleiar skal vere rettleiande for opparbeiding av arealet, jf. punkt 2.1.2 1).
- 2) Innanfor o_BE1 er det er tillat å oppføre telemast til bruk for infrastrukturplanlegget på inntil 36m over gjennomsnittleg planert terreng.

4.1.6 «Andre særskilt angitte bygningar og anlegg», o_BAS

Innanfor områda regulert til o_BAS_1 kan det etablerast tverrslag til bruk for nødvendig transport i samband med anleggs- og driftsfasen for E16 og Vossebanen, med tilhøyrande tekniske installasjonar, reinsebaseng, bergsikringstiltak og røemmingstunnelar.

4.1.7 Kombinert bygge og anleggsformål, Espeland nord BKB

- 1) Formålet består av «Andre særskilt angitte bygningar og anlegg» kombinert med Næring.
- 2) Tiltaksplan for handsaming av all organisk jord skal utarbeidast for kvart deponi-/anleggsområde. Planen skal omfatte volumberekningar, risikovurdering, anbefalt bruksområde, prinsipp for avtaking, direkte utkøyring/deponering og tilbakelegging.
- 3) Før anleggsstart for BKB skal det utarbeidast detaljert landskapsplan.
- 4) Terrenget kan planerast innanfor intervallet kote +67 - +75.
Innanfor området er det tillate med midlertidig knusing og tilarbeiding av massar, og sortering av delvis forureina botn-reinskemassar.
- 5) Straks anleggsarbeid er avslutta, og seinast eitt år etter at infrastrukturprosjektet er opna på aktuell strekning, skal området settast i stand, i samsvar med skildring i landskapsplan.

4.1.8 Bustad/Forretning, Stanghelle, BKB

- 1) Terrenget kan hevast til inntil kote +17.
- 2) For tiltak utover 1) gjeld reguleringsplan for Stanghelle aust (nasj.planID 4628_2005001).

4.1.9 Angitt bygge- og anleggsformål kombinert med andre angitte hovudformål, BAA

- 1) Formålet består av «Andre særskilt angitte bygningar» og «anlegg (massedeponi)» kombinert med formål angitt under kvart delfelt BAA1 – BAA5, som angitt i punkt 4) – 8).

Formingsrettleiar skal vere rettleiande for opparbeiding av areala, jf. punkt 2.1.2 1).

- 2) Innanfor områda regulert til «Angitt bygge- og anleggsformål kombinert med andre angitte hovudformål» (BAA) kan overskotsmassar frå veg- og jernbaneanlegga deponerast.

Tiltaksplan for handsaming av organisk jord skal utarbeidast for kvart deponiområde, jf. punkt 4.1.7 2).

Før anleggsstart for områda BAA skal det utarbeidast detaljert landskapsplan i samsvar med formål angitt for BAA1 – BAA4.

- 3) Innanfor areal avsett til deponi skal det detaljerast nødvendige reinseanlegg og tilkomst til desse for vedlikehald. Desse skal dimensjonert slik at dei fungerer både i anleggsfasen og tilpassast avslutta anlegg.

- 4) Dalehagen, BAA1: Andre særskilt angitte bygningar og anlegg (BAS) kombinert med Landbruks-, natur- og friluftformål og reindrift (L).

Maks volum som kan deponerast er 700.000 am³.

Innanfor området er det tillate med midlertidig knusing og tilarbeiding av massar og sortering av delvis forureina botn-reinskemassar.

- 5) Idlasundet, BAA2: Andre særskilt angitte bygningar og anlegg (BAS) kombinert med Landbruks-, natur- og friluftformål og reindrift (L).

Maks volum som kan deponerast er 120.000 am³.

Innanfor området er det tillate med midlertidig knusing og tilarbeiding av massar, og sortering av delvis forureina botn-reinskemassar.

- 6) Trengereiddalen, BAA3: Andre særskilt angitte bygningar og anlegg (BAS) kombinert med Landbruks-, natur- og friluftformål og reindrift (L).

Maks volum som kan deponerast er 300.000 am³.

Innanfor området er det tillate med midlertidig knusing og tilarbeiding av massar, og sortering av delvis forureina botn-reinskemassar.

Etter anleggsperioden skal Manddalselva opnast opp og reetablerast.

- 7) Vestredalen, BAA4: Andre særskilt angitte bygningar og anlegg (BAS) kombinert med Landbruks-, natur- og friluftformål og reindrift (L).

Maks volum som kan deponerast er 1.000.000 am³.

Innanfor området er det tillate med midlertidig knusing og tilarbeiding av massar, og sortering av delvis forureina botn-reinskemassar.

Etter anleggsperioden skal Skredbekken opnast opp og reetablerast.

- 8) Tangelandsheiane, BAA5: Andre særskilt angitte bygningar og anlegg (BAS) kombinert med Landbruksformål (LL)/Friluftformål (LF).

Maks volum som kan deponerast er 1.000.000 am³.

Innanfor området er det tillate med midlertidig knusing og tilarbeiding av massar, og sortering av delvis forureina botn-reinskemassar.

Skråningar brattare enn 1:7 skal ha naturleg vegetasjon for å dempe den visuelle verknaden av tiltaket.

Eksisterande stiar skal reetablerast og vera del av landskapsplanen.

4.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§ 12-5 nr. 2)

4.2.1 Fellesføresegner til samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

- 1) Innanfor arealformåla kan det etablerast konstruksjonar og nødvendige tekniske anlegg og installasjonar, etter gjeldande tekniske krav for veg og jernbane.
- 2) Plassering av avkøyrslar vist med pil på plankartet er rettleiande, men talet på avkøyrslar og kva veg eigedomane skal ha avkøyrslar frå, er bindande. Avkøyrslar skal oppfylle krav til sikt og andre krav til utforming gitt av vegmynde.

4.2.2 Mindre justeringar

Der ikkje anna følgjer av byggegrenser er det i denne reguleringsplanen tillate med mindre justeringar inntil 5,0 m i horisontalplanet mellom arealformåla innanfor «Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur», inklusiv trasé for køyreveg E16, senterlinje veg, jernbane, plassering av tunnel- og kulvertportalar som del av prosjektering/byggeplan og ved gjennomføring av anlegget. Mindre justering på inntil 2,0 m i vertikalnivå er tillate. For vertikalnivå 1 er det tillate med større justeringar i den regulerte løysinga, avgrensing i desse justeringane er gitt av dei øvrige føresegnene.

Justeringane føreset at dei ikkje har negativ verknad på gangvegar og transportfunksjonar, og at trafikksikkerheita blir ivaretatt.

4.2.3 Køyreveg, o_SKV

- 1) O_SKV_1 omfattar areal regulert for E16 i vertikalnivå 1 og vertikalnivå 1a, tunnel, og eksisterande trasé for E16 i vertikalnivå 1b, tunnel. I området er det mellom anna tillate etablert tunnel med tilhøyrande nisjar, snuplassar, tekniske bygg, bergsikringstiltak, og andre tekniske installasjonar og liknande som er nødvendige for veganlegget.
- 2) O_SKV omfattar areal regulert for E16 i vertikalnivå 2, på bakken, og øvrige vegar. Formålet omfattar mellom anna areal til køyreveg med sideterreng og nødvendige tekniske anlegg, medrekna også bruer og tunnelar kor dette ikkje er angitt med vertikalnivå 1 eller 3.
- 3) O_SKV_3 omfattar areal regulert for E16 i vertikalnivå 3, i bru. I området er det tillate etablert køyreveg på brukonstruksjonar med tilhøyrande anlegg.

4.2.4 Fortau, o_SF

Leskur, billettautomat og andre installasjonar knytt til drift av kollektivhaldeplass, kan etablerast innanfor formålet i samsvar med punkt 4.2.13.

4.2.5 Gang- og sykkelveg, o_SGS

Gang- og sykkelveg som og skal fungere som tilkomst for drifts- og utrykkingskøretøy, må dimensjonast for dette.

Plassering av pil for avkøyrslar i plankartet er retningsgivande, dette gjeld Stanghelle, Vaksdal og Gullbotn. På strekningar med separat gang- og sykkelveg som leier fram til pil for

avkørsel vil køring på gang- og sykkelveg vere tillate frå næraste kopling mot køyrevæg. For eigedomar der plankartet viser pil for avkørsel over gang-/sykkelveg, skal gang-/sykkelveg etablerast med nedsenka kant.

4.2.6 Gangveg, o_SGG Vaksdal

Gangveg som skal fungere som tilkomst for drifts- og utrykkingskøyretøy, til private eigedomar og landbruksareal må dimensjonerast for dette.

4.2.7 Annan veggrunn – tekniske anlegg, o_SVT

- 1) O_SVT_1 omfattar areal i vertikalnivå 1, tunnel. I området er det mellom anna tillate etablert tunnel med tilhøyrande nisjar, snuplassar, installasjonar, reinsebasseng, bergsikringstiltak, og andre tekniske installasjonar og liknande, som er nødvendige for veganlegget sine felles rømmingstunnelar saman med jernbaneanlegg for Vossebanen, og tverrslag til bruk for nødvendig transport i samband med anleggs- og driftsfasen.

Det er tillate med tilpassingar i traséen, inkludert regulert senterlinje både i vertikal- og horisontalnivå innanfor byggegrensa. Dette gjeld også for o_SVT_1 i vertikalnivå _1a.

- 2) O_SVT omfattar areal i vertikalnivå 2, på bakken. I området er det mellom anna tillate etablert murer, sikkerheitsgjerde, støyskjermer, lehus, tekniske installasjonar, overvassbasseng og andre tiltak som er nødvendig for gjennomføring, drift og vedlikehald av veganlegget og rømmingstunnelane. Leskur, billettautomat og andre installasjonar knytt til drift av kollektivhaldeplass, kan etablerast innanfor formålet i samsvar med punkt 4.2.13.
- 3) O_SVT1, Kontrollplass Romslo

Innanfor o_SVT1 er det tillate å oppføre bygningar på inntil 150 m² BRA, som er nødvendig for drift- og vedlikehald av kontrollplass.

4.2.8 Annan veggrunn – grøntareal, o_SVG

- 1) Innanfor o_SVG er det mellom anna tillate etablert murar, sikkerheitsgjerde, støyskjermer, lehus, tekniske installasjonar og bygg, overvassbasseng og andre tiltak som er nødvendig for drift og vedlikehald av veganlegget og rømmingstunnelane. Leskur, billettautomat og andre installasjonar knytt til drift av kollektivhaldeplass, kan etablerast innanfor formålet i samsvar med punkt 4.2.13. Innanfor o_SVG kan det etablerast private avkørsler med siktsoner.
- 2) o_SVG1, Vaksdal og Arnadalen
Innanfor SVG1 kan det etablerast støyvoll.
- 3) Innanfor o_SVG2 skal eksisterande gangveg/turveg oppretthaldast.

4.2.9 Bane (nærare angitt baneformål), o_SB

1) O_SB

Innanfor o_SB kan det mellom anna etablerast anlegg for jernbane, som brukonstruksjonar med tilhøyrande anlegg, køyreleidningsmaster, forstøytningmurar, støyskjermar, sikkerheitsgjerde, grøfter, skjeringar, fyllingar, anna sideterreng, portalområder for tilkomsttunnelar, driftsvegar, beredskaps plassar og andre tekniske anlegg som er nødvendig for vedlikehald og drift av jernbanen.

2) Stanghelle stasjon o_SB1 og o_SB1_3

Innanfor området kan det mellom anna etablerast nødvendige anlegg for drift av jernbane og stasjon, medrekna mellom anna plattformer med skjerming, støyskjermar, persontilkomst til plattformer med heis, trapper og gangbru, tilkomst til plattform for rednings- og vedlikehaldskøyretøy, sykkelparkering/sykkelhotell og toalett.

3) Vaksdal stasjon o_SB2 og o_SB2_3

Innanfor områda kan det mellom anna etablerast brukonstruksjonar med tilhøyrande anlegg, nødvendige anlegg for bygging og drift av stasjon på bru, medrekna mellom anna plattformer med skjerming, støyskjermar, persontilkomst til plattformer med heis, trapper og gangbru, tilkomst til plattform for rednings- og vedlikehaldskøyretøy, sykkelparkering/sykkelhotell og toalett, og i tillegg andre gangvegar som kryssar o_SB2.

4.2.10 Trasé for jernbane, o_STJ

1) O_STJ_1 omfattar areal regulert for Vossebanen i vertikalnivå 1, tunnel. I området innanfor byggegrensene er det mellom anna tillate etablert tunnel med tilhøyrande nisjar, jernbanespor, tekniske bygg, bergsikringstiltak, rømmingstunnelar, felles rømmingstunnelar saman med veganlegg for E16, og tverrslag til bruk for nødvendig transport i samband med anleggs- og driftsfasen.

2) O_STJ omfattar areal regulert for Vossebanen i vertikalnivå 2, på bakken. I området er det mellom anna tillate etablert jernbanespor med sideareal og nødvendige tekniske anlegg, også medrekna bruer og tunnelar kor dette ikkje er angitt med vertikalnivå 1 eller 3.

3) O_STJ1 omfattar Arna stasjon. Innanfor o_STJ1 kan det mellom anna etablerast jernbanespor, tekniske bygg, nødvendige anlegg for bygging og drift av stasjon, medrekna mellom anna plattformer med skjerming, støyskjermar, persontilkomst til plattformer med heis, trapper og gangbru, tilkomst til plattform for rednings- og vedlikehaldskøyretøy, køyreleidningsmaster, forstøytningmurar, støyskjermar, sikkerheitsgjerde, grøfter, skjeringar, fyllingar, anna sideterreng, portalområder for tilkomsttunnelar, driftsvegar, beredskaps plassar og andre tekniske anlegg som tilhøyrar vedlikehald og drift av jernbanen.

4) O_STJ_3 omfattar areal regulert for Vossebanen i vertikalnivå 3, i bru. I området er mellom anna tillate etablert brukonstruksjonar med tilhøyrande anlegg, jernbanespor med sideareal og nødvendige tekniske anlegg.

4.2.11 Annan banegrunn – tekniske anlegg, o_SBT_1 (vertikalnivå 1)

Innanfor o_SBT_1 kan det mellom anna etablerast tekniske bygg, bergsikringstiltak, rømmingstunnelar, og tverrslag til bruk for nødvendig transport i samband med anleggs- og driftsfasen.

4.2.12 Annan banegrunn – tekniske anlegg, o_SBT

Innanfor o_SBT kan det mellom anna etablerast køyreleidningsmaster, forstøytningmurar, støyskjermar, sikkerheitsgjerd, grøfter, skjeringar, fyllingar, anna sideterreng, portalområder for tilkomsttunnelar, driftsveggar, beredskaps plassar og andre tekniske anlegg som er nødvendig for vedlikehald og drift av jernbanen.

4.2.13 Kollektivhaldeplass, o_SKH

Innanfor områda o_SKH skal det etablerast busshaldeplass. Leskur, billettautomat og andre installasjonar knytt til drift, kan etablerast innanfor formålet eller på tilgrensande fortau/gangveg eller annan veggrunn, forutsett at omsyn til universell utforming og ferdsel på fortau/gangveg, trafikkisikkerheit og effektiv drift og vedlikehald av samferdselsanlegga er ivareteke.

4.2.14 Parkeringsplassar, o_SPA

Minimum 5% av plassane skal utformast for personar med redusert rørsleevne.

4.2.15 Rasteplass, o_SR

- 1) Innanfor området kan toalett, ladepunkt for el-bil og andre funksjonar knytt til drift og vedlikehald av rasteplassen, etablerast.
Formingsretteleiar skal vere rettleiande for opparbeiding av arealet, jf. punkt 2.1.2 1).
- 2) Innanfor o_SR1 tillatast oppført bygning berekna for bevertning/kiosk på inntil 150 m² BRA.

4.2.16 Kombinerte formål for samferdselsanlegg og/eller teknisk infrastrukturtrasear (2800), o_SKF

- 1) O_SKF1_1 omfattar mellom anna kombinertareal regulert for E16 og Vossebanen i vertikalnivå 1, tunnel. I området innanfor byggegrensene er det tillate etablert veganlegg for E16, jernbaneanlegg for Vossebanen, veg- og jernbanetunnel med tilhøyrande nisjar, snuplassar, tekniske installasjonar, reinsebasseng, bergsikringstiltak, rømmingstunnelar, tverrslag til bruk for nødvendig transport i samband med anleggs- og driftsfasen.
Det er tillate med tilpassingar i traséane inkludert regulert senterlinje både i vertikal- og horisontalnivå innanfor byggegrensa.
- 2) O_SKF2 og o_SKF2_3 omfattar mellom anna areal for rekkverk, sideareal og anna justering av veg, bru og tekniske bygg.
- 3) O_SKF3 og o_SKF3_1 i Arna omfattar areal for påkopling til fv.587 (framtidig ringveg aust).
- 4) O_SKF4 omfattar mellom anna areal til bruk for rømming, portal, tekniske installasjonar og andre tiltak som er nødvendig for rømmingssystemet, drift og vedlikehald.

4.3 Grønstruktur (§ 12-5 nr. 3)

4.3.1 GTD, Turdrag Arnadalen

Området skal nyttast til rekreasjon.

4.3.2 GF, Friområde Vaksdal

Områda skal nyttast til rekreasjon.

4.4 Landbruks-, natur- og friluftformål og reindrift (§ 12-5 nr. 5)

4.4.1 LNFR, L

- 1) Formålet gjeld landbruks-, natur-, og friluftsområde med nødvendige tiltak for landbruk og gardsbasert næringsverksemd basert på garden sitt ressursgrunnlag.
- 2) Innanfor L1 er det tillate etablert borehol i samband med drenering frå veg- og banetunnel.

4.4.2 Friluftsliv, LF Vaksdal

Områda skal nyttast til rekreasjon.

4.5 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsoner (§ 12-5 nr. 6)

4.5.1 Angitt formål i sjø og vassdrag med eller utan tilhøyrande strandsoner kombinert med andre angitte hovudformål, VAA_4

- 1) Områda VAA_4 kan nyttast til deponering av fjellmassar frå anleggsarbeid knytt til E16 og Vossebanen. Deponi/ny sjøbotn skal etablerast i samsvar med løyve frå Statsforvalteren.
- 2) Det skal nyttast lukka nedføringsystem med utsleppspunkt under sprangsjiktet ved deponering av massar i sjø.
- 3) Toppnivå til deponi skal vere minimum 10 meter lågare enn kote 0/middelvasstanden.

4.5.2 Bruk og vern av sjø og vassdrag, V

- 1) Områda V vil ha avgrensa tilgang i heile rigg- og anleggsperioden, jf. punkt 6.3. Permanente og midlertidige tiltak skal etablerast og plasserast med nødvendig sikkerheit mot flaum.
- 2) Linnebakkane, V1
Maks volum som kan deponerast innanfor V2 er 3.200.000 am³.
- 3) Gamle Fossen, V2
Maks volum som kan deponerast innanfor V3 er 3.200.000 am³.
- 4) Svabakken, V3
Maks volum som kan deponerast innanfor V4 er 3.200.000 am³.
- 5) Langhelleneset, V4
Maks volum som kan deponerast innanfor V6 er 4.200.000 am³.
- 6) Romslo, V5
Maks volum som kan deponerast innanfor V7 er 5.300.000 am³.
- 7) Avbøtande tiltak, V6
Arealet omfattar sjøareal til siltgardin og andre avbøtande tiltak som er nødvendig for å hindre spreining av partiklar i samband med deponering av massar i sjø.

5 Føresegner til omsynssoner (§ 12-6)

5.1 Sikrings- og faresoner

5.1.1 Frisiktzone, H140

I frisiktsonene skal det til ein kvar tid vere fri sikt 0,5 m over tilstøytande vegar sitt plan. Forutsett at krav til sikkerheitssone er ivareteke kan enkeltstående tre, stolpar og liknande stå i frisiktsonene.

5.1.2 Andre sikringssoner, H190

- 1) Sikringszone rundt E16, H190_1

I område merka H190_1 er tiltak i grunnen, som mellom anna inneber sprenging, nedsetting av pelar, boring i og mot fjell, brønnboring eller fundamentering for påføring av tilleggslastar, berre tillate dersom det kan dokumenterast at tiltaket ikkje får uønska konsekvensar for tunnel/kulvert innanfor regulert sikringszone. Når tunnelen er ferdig, blir sikringssona redusert til 25 m rundt bygd vegtunnel, i vertikalplanet avgrensa opp til terrengoverflata, jf. illustrasjon i planomtalen kap.5.7.

- 2) Sikringszone rundt Vossebanen, H190_2

Sikringssona merka H190_2 skal vere offentleg. Både søknadsppliktige og ikkje søknadsppliktige tiltak etter pbl § 20-1, som mellom anna sprenging, nedsetting av pelar, holboring i og mot fjell, brønnboring eller fundamentering for påføring av tilleggslastar, krev løyve frå Bane NOR. Når jernbanetunnelen er ferdig blir sikringssona redusert til 10 m rundt bygd tunnel, jf. illustrasjon i planomtalen kap.5.7.

- 3) Restriksjonssone rundt Vossebanen, H190_3

I restriksjonssona merka H190_3 er tiltak i grunnen, som mellom anna inneber sprenging, nedsetting av pelar, boring i og mot fjell, brønnboring eller fundamentering for påføring av tilleggslastar, berre tillate dersom det kan dokumenterast at tiltaket ikkje får uønskte konsekvensar for tunnel/kulvert innanfor regulert restriksjonssone. Når jernbanetunnelen er ferdig, blir restriksjonssona 40 m rundt sikringssona H190_3, jf. illustrasjon i planomtalen kap.5.7.

- 4) Felles sikringszone E16 og Vossebanen, H190_4

I område merka H190_4 er tiltak i grunnen, som mellom anna inneber sprenging, nedsetting av pelar, boring i og mot fjell, brønnboring eller fundamentering for påføring av tilleggslastar, berre tillate dersom det kan dokumenterast at tiltaket ikkje får uønska konsekvensar for veg- og jernbanetunntunnel, rømingstunnelar innanfor regulert sikringszone.

Når veganlegget er ferdig, blir sikringssona redusert til 25 m rundt bygd vegtunnel, i vertikalplanet avgrensa opp til terrengoverflata.

Når jernbaneanlegget er ferdig, blir restriksjonssona redusert til 50 m rundt bygd jernbanetunnel, i vertikalplanet avgrensa opp til terrengoverflata.

- 5) Eksisterande tunnel E16, H190_5

H190_5 omfattar sikringszone rundt eksisterande tunnel for E16.

- 6) Krafttunnel, H190_6

Innanfor området merka H190_6 ligg det ein krafttunnel som det må takast omsyn til.

- 7) Gruvegangar, H190_7
Innanfor området merka H190_8 ligg det gamle gruvegangar som det må takast omsyn til.
- 8) H190_8 Arna stasjon – Sikringssone rundt flaumtunnel
Innanfor sikringssona er tiltak i grunnen, som mellom anna inneber sprenging, nedsetting av pelar, holboring i og mot fjell, brønnboring eller fundamentering for påføring av tilleggslastar, berre tillate dersom det kan dokumenterast at tiltaket ikkje får uønska konsekvensar for flaumtunnelen.

5.1.3 Ras- og skredfare, H310

- 1) Faresone H310_1
Skredfaren innanfor omsynssone H310_1 har eit større årleg nominell sannsyn enn 1/100. Innanfor omsynssona er det ikkje tillate med tiltak i sikkerheitsklasse S1, S2 og S3 (jf. Byggteknisk forskrift § 7-3) før det er gjennomført sikringstiltak slik at tilstrekkeleg sikkerheit vert oppnådd.
- 2) Faresone H310_2
Skredfaren innanfor omsynssone H310_2 har eit større årleg sannsyn enn 1/1000. Innanfor omsynssona er det ikkje tillate med tiltak i sikkerheitsklasse S2 og S3 (jf. Byggteknisk forskrift § 7-3) før det er gjennomført sikringstiltak slik at tilstrekkeleg sikkerheit vert oppnådd.
- 3) Faresone H310_3
Skredfaren innanfor omsynssone H310_3 har eit større årleg sannsyn enn 1/5000. Innanfor omsynssona er det ikkje tillate med tiltak i sikkerheitsklasse S3 (jf. Byggteknisk forskrift § 7-3) før det er gjennomført sikringstiltak slik at tilstrekkeleg sikkerheit vert oppnådd.
- 4) Aktsemdsområde H310_4
Innanfor omsynssona er det tillate med tiltak i sikkerheitsklasse S1 og S2 (jf. Byggteknisk forskrift § 7-3). Ikkje med S3.
- 5) Aktsemdssone H310_5
Innanfor omsynssona er søknadspliktige tiltak etter PBL og gjeldande forskrift ikkje tillate.
- 6) Områdeskred av kvikkleire H310_6
Innanfor omsynssona er det påvist låg faregrad, risikoklasse 2, for kvikkleireskred. Anbefalingar i geoteknisk rapport UAS-02-A-00025 og UAS-03-A-00026 skal følgjast opp i detaljprosjektering og utføring.

5.1.4 Flaumfare, H320

Permanente og midlertidige tiltak skal etablerast og plasserast med nødvendig sikkerheit mot flaum, jf. punkt 2.6.

Tiltak skal prosjekterast og utførast slik at byggverk, byggegrunn, og tilstøytande terreng ikkje vert utsett for skade eller vesentleg ulempe som følge av tiltaket.

Anbefalingar til tiltak i hydrologisk rapport UAS-01-A-00016, UAS-01-A-00017, UAS-01-A-00018, UAS-01-A-00024, UAS-01-A-00026, UAS-01-A-00031 og UAS-02-A-00023 skal følgjast opp i detaljprosjektering og utføring.

5.2 Infrastruktursoner

5.2.1 VA-anlegg Arnadalen. H410

Innanfor området merka H410 ligg det VA-anlegg i grunnen som det må takast omsyn til.

5.2.2 Massebank Dalehagen, H450

Innanfor området H450 er det tillate med uttak av tidlegare deponerte massar med formål om auka råstoffutnytting og reinsing i deponiet.

5.3 Angitte omsynssoner

5.3.1 Særleg omsyn friluftsliv, H530

- 1) H530_1 Stanghelle. Sona omfattar statleg sikra friluftslivsområde som er tilrettelagt med flytebrygge for utsetting av kano, kajakk og småbåt, og naust med utstyrsbase. Desse funksjonane skal oppretthaldast under anleggsperioden. Utsetningsplass for kano/kajakk kan flyttast midlertidig til ein anna eigna plass i eller utanfor planområdet for å ivareta sikkerheit under anleggsperioden.
- 2) H530_2 Arna. Sona omfattar friluftsområde og tursti langs Storelva.

5.3.2 Særleg omsyn Kulturmiljø, H570

- 1) Røyrgate i Vaksdal H570_1
Sona omfattar delar av røyrgata gjennom Vaksdal. Det skal utarbeidast kulturdokumentasjon for røyrgata som skal utarbeidast før anleggsstart.
- 2) SEFRAK-bygg Vaksdal, H570_2
Det skal utarbeidast kulturdokumentasjon for bustadane som skal rivast før anleggsstart.
- 3) Siktlinje Arna kyrkje, H570_3
Omsynssona omfattar siktlinje mellom Arna kyrkje og Ådnavegen. Det skal vere fri sikt mellom Arna kyrkje og Ådnavegen, 1,2 m over gjennomsnittleg terrengnivå. Det er ikkje tillate å etablere bygningar eller anlegg som er til hinder for sikta. Støyskjerm oppført i dette området kan vere over 1,2 m, jf. punkt 2.2.5 2), og skal etablerast i eit gjennomsiktig materiale.
- 4) Christianiavegen Arnadalen, H570_4
Innanfor omsynssona skal rigg- og marksikringsplanen utarbeidast i samråd med seksjon for kulturarv ved Vestland fylkeskommune.
- 5) Gamle Vossebanen, H570_5
Innanfor omsynssona rundt det freda Jernbaneanlegget «Gamle Vossebanen», skal rigg- og marksikringsplanen utarbeidast i samråd med regionalt kulturminnemynde.
- 6) Gardstun Arnadalen, H570_6
Omsynssona omfattar gardstun som skal bevarast.
- 7) Historisk vegfar Tangelandsheiane H570_7
Omsynssona omfattar historisk vegfar gjennom Tangelandsheiane.

5.4 Bandlegging etter anna lovverk

5.4.1 H730, Gamle Vossebanen, bandlegging etter Kulturminnelova

Freda kulturminne (kml § 22a) er merka H730. Det er ikkje tillate med tiltak innanfor bandleggingsonene utan løyve frå fylkeskommunen.

5.4.2 H740, Bandlegging etter Energilova

Det er ikkje tillate med ny busetnad innanfor omsynssona. Alt anleggsarbeid og alle tiltak i terrenget innanfor omsynssona skal på førehand avklarast med leidningseigar.

6 Føresegner til føresegnområde

6.1 Vilkår for bruk av areal, bygningar og anlegg, #2

- 1) Brann- og reinsebasseng #2B
Områda #2B kan nyttast til tiltak som er nødvendige for å etablere brann- og reinsebasseng i samband med veg- og jernbaneanlegget.
- 2) Tunnelportal #2P
Innanfor områda #2P kan det etablerast tunnelportalar med nødvendige konstruksjonar og sikring.
- 3) Sikringsområde #2S
Innanfor områda #2S kan det etablerast skredsikringstiltak for planlagde tiltak.

6.2 Arkeologisk utgraving, #6A - #6L

Før iverksetjing av tiltak i tråd med planen innafor arealføremål BKB, BN, BA, SVT, SVG, SKV, SKF, SGS, BAA og føresegnsområde #91, skal det gjennomførast arkeologisk utgraving av dei automatisk freda kulturminna Askeladden id. 278046, 278045, 278044, 280393, 278037276496, 278038, 278039, 278041, 278042, 278043, 278740 og som er merka som føresegnsområde #6A, #6B, #6C, #6D, #6E, #6F, #6G, #6H, #6I, #6J, #6K og #6L i plankartet.

Tiltakshavar skal ta kontakt med Vestland fylkeskommune i god tid før tiltaket skal gjennomførast slik at omfanget av den arkeologiske granskinga kan verte fastsette av Riksantikvaren.

6.3 Midlertidig anlegg- og riggområde, #91

- 1) Fellesføresegner #91
Områda «Anlegg- og riggområde for veg- og jernbaneutbygging» er tilgjengeleg for anleggsarbeid, med rammer som angitt i dette punktet.
Innanfor områda tillatast ikkje tiltak som kan vere til hinder for funksjonen som midlertidig anlegg- og riggområde.
Føresegnområda «Midlertidig anlegg- og riggområde» #91 skal gjelde fram til eitt år etter at veg- og jernbaneanlegga er opna for ordinær drift.
Områda kan nyttast til tiltak som er nødvendige for å gjennomføre veg- og jernbaneanlegget, medrekna midlertidige omkøyringsvegar, anleggsområde på land, anleggsområde i sjø for lektarar og verksemd knytt til deponering av massar, tiltak for støyskjerming, riggplass, anleggsvegar, lagerplass for bygningsmateriell, midlertidig massedeponering, maskiner og brakker.
Når anleggsarbeidet er avslutta skal områda bli ført tilbake til eksisterande bruk, opphavleg arealtilstand.
Der anleggsarbeidet har medført terrenginngrep som ikkje er reversible, skal det gjerast tiltak i tilbakeføringa som minimerer den negative verknaden av inngrepet.

Eksisterande fotgjengartraséar, sykkelveggar, vegar og varelevering i områder avsett til midlertidig rigg- og anleggsområde, skal oppretthaldast eller sikrast ein trygg omlegging gjennom heile anleggsperioden.

Traséar og snarveggar brukt som skuleveg skal bli gitt ei særleg attraktiv og trygg omlegging. Trasé for sykkeltrafikk skal ha fast dekke utan høge kantar.

- 2) Permanente og midlertidige tiltak i sjø som kan hindre ferdsel i farleia gjennom Sørfjorden skal godkjennast av Kystverket.

- 3) Midlertidig anleggsområde i sjø – utfyllingsområder #91_1

Innanfor områda #91_1 er det tillate å etablere undersjøisk fylling inkludert motfylling for etablering av nødvendig anleggsareal knytt til tverrslag/handsaming av massar for sjødeponi. Fyllinga ned til 5m lågare enn 0/middelvasstanden skal fjernast når anleggsarbeida er avslutta. Det skal utarbeidast ein teknisk plan/situasjonsplan som skildrar utføringa av fyllinga, og korleis området skal tilbakeførast.

- 4) Avbøtande tiltak, #91_2

Innanfor #91_2 er kan det etablerast midlertidige tiltak knytt til sjødeponia.

7 Rekkefølgekrav (pbl. § 12-7 nr. 10)

7.1 Vaksdal kommune

7.1.1 Tiltak som skal vere gjennomført før igangsetting av anleggsarbeid

- 1) I område markert med omsynssone H310, ras- og skredfare, skal nødvendig sikringsarbeid vere gjennomført innan arbeid blir igangsett innanfor området.
- 2) Nødvendig omlegging av offentleg VA-anlegg etter avtale med kommune, jf. punkt 2.5.
- 3) Før anleggsstart for BKB skal grunnundersøkinga vere gjennomført.
- 4) Før anleggsstart for BAA skal grunnundersøkinga vere gjennomført.

7.1.2 Tiltak som skal sikrast i anleggsperioden

- 1) I samband med statleg sikra friluftsområde ved Dalevågen skal funksjon for utsetting av kano/kajakk oppretthaldast i heile anleggsperioden. Utsetningsplass for kano/kajakk kan flyttast til ein annan eigna plass i eller utanfor planområdet for å ivareta sikkerheit under anleggsperioden.
- 2) Elevar som nyttar skulevegen mellom Helle og Stanghelle skule skal sikrast trygg framkomst i anleggsperioden.
- 3) Flaumsikring langs Vaksdalselva skal utførast i løpet av anleggsperioden.

7.1.3 Tiltak som skal vere ferdig ved opning for ordinær drift av veg- og baneanlegg

- 1) Støy
Dei nødvendige støyskjermene langs ny veg og jernbane skal vere ferdig før ordinær drift av veg og jernbane.
- 2) Fortau o_SF skal ferdigstillast seinast samtidig med tilgrensande veganlegg.
- 3) Gang- og sykkelveg o_SGS skal ferdigstillast seinast samtidig med tilgrensande veganlegg.

- 4) Gangveg o_SGG skal ferdigstillast seinast samtidig med tilgrensande veganlegg.
- 5) Parkeringsplassar o_SPA skal ferdigstillast seinast samtidig med veganlegget.

7.1.4 Tiltak som skal vere ferdig seinast 1 år etter opning av ordinær drift av veg- og jernbaneanlegg

- 1) Stanghelle stasjon og Vaksdal stasjon
Alle funksjonar som køyrevegar, gangvegar og andre tiltak knytt til Stanghelle stasjon og Vaksdal stasjon skal vere ferdig seinast eitt år etter at stasjonen er opna.
- 2) Areal som er nytta til midlertidig anlegg- og riggområde skal vere tilbakeført til eksisterande bruk.
- 3) Nødvendige fasadetiltak og lokale skjermar mot støy skal vere ferdigstilt.
- 4) Straks deponidrifta er avslutta for BAA, og seinast eitt år etter at infrastrukturanlegget er opna på aktuell strekning, skal områda settast i stand, medrekna jordslått, slik som skildra i landskapsplan.

7.2 Bergen kommune

7.2.1 Tiltak som skal vere gjennomført før igangsetting av anleggsarbeid

- 1) I områder markert med omsynssone H310, ras- og skredfare, skal nødvendig sikringsarbeid vere gjennomført.
- 2) Nødvendig omlegging av offentleg VA-anlegg etter avtale med kommune, jf. punkt 2.5.
- 3) Før anleggsstart for BAA skal grunnundersøkinga vere gjennomført.

7.2.2 Tiltak som skal vere ferdig ved opning for ordinær drift av veg- og jernbaneanlegg

- 1) Støy
Dei nødvendige støyskjermane langs ny veg og jernbane skal vere ferdig før ordinær drift av veg og jernbane.
- 2) Omlegging av tursti innanfor Turdrag GTD langs Storelva skal vere ferdig.

7.2.3 Tiltak som skal vere ferdig seinast 1 år etter opning av ordinær drift av veg- og jernbaneanlegg

- 1) Omlegging av Skredbekken og Manddalselva skal vere utført.
- 2) Areal som er nytta til midlertidig anlegg- og riggområde skal være tilbakeført til eksisterande bruk.
- 3) Nødvendige fasadetiltak og lokale skjermar mot støy skal vere ferdigstilt.
- 4) Straks deponidrifta er avslutta for BAA, og seinast eitt år etter at infrastrukturanlegget er opna på aktuell strekning, skal områda settast i stand, medrekna jordslått, slik som skildra i landskapsplan.
- 5) Fortau o_SF skal ferdigstillast seinast samtidig med tilgrensande veganlegg.
- 6) Gang- og sykkelveg o_SGS skal ferdigstillast seinast samtidig med tilgrensande veganlegg.
- 7) Tursti langs Storelva innanfor GTD skal reetablerast etter anleggsperioden.
- 8) Historisk vegfar gjennom Tangelandsheiane H570_7 skal reetablerast etter anleggsperioden i samråd med Byantikvaren.

8 Retningslinjer

8.1 Heile planområdet

Klimagassutslepp

Det skal i byggefasen leggst til rette for at drift og vedlikehald av anlegget kan utførast med lågast mogeleg klimagassutslepp. Tiltakshavar har som målsetting å sørge for mest mogleg utsleppsfri og fossilfri anleggsgjennomføring.

8.2 Retningslinjer - dokument

- 1) Fagrapport Støy (dok.nr. UAS-01-A-00009)
- 2) Fagrapport Luft (dok.nr. UAS-01-A-00008)
- 3) Tekniske detaljplan (dok.nr. UAS-03-A-00029)
- 4) O-teikningar (dok.nr. UAS-01-O-01101 - 02205)
- 5) Formingsrettleiar (dok.nr. UAS-01-A-00030)
- 6) Geoteknisk rapport UAS-02-A-00025
- 7) Geoteknisk rapport UAS-03-A-00026
- 8) Hydrologisk rapport UAS-01-A-00016
- 9) Hydrologisk rapport UAS-01-A-00017
- 10) Hydrologisk rapport UAS-01-A-00018
- 11) Hydrologisk rapport UAS-01-A-00024
- 12) Hydrologisk rapport UAS-01-A-00026
- 13) Hydrologisk rapport UAS-01-A-00031
- 14) Hydrologisk rapport UAS-02-A-00023